



14 jenter frå fotballaga J14 og J17 er klar for innsamling.

Det vart samla inn i overkant av kr. 20.000,- i går til Nasjonalforeningen for folkehelsen sitt arbeid mot demens. Det er om lag på same nivået som åra før, men då må vi ta med at talet på dei, som brukar Vipps, aukar. Nokre støttar aksjonen ved å betala inn på sentral konto. Vippsdelen vert ikkje registrert lokalt. To bøsser i andre bygder vert henta inn i dag.

Nytt i år var at jenter frå to fotballag var med som bøsseberarar. Bakgrunnen er at Nasjonalforeningen har avtale med Toppfotball Kvinner om konkrete samarbeidstiltak. Avtalen kan også brukast ute i bygdene og Uskedal Helselag fekk på denne måten god hjelp av 14 jenter frå fotballaga Jenter 14 og Jenter 17. Bygda var delt inn i 10 roder.

Hele 30 personar var i går engasjert i Demensaksjonen 2018 i Uskedalen. I dette talet er bøsseberarane, sjåførar, sekretariat og dei som støttar med å baka kake og koka kaffi. Innsamla midlar går til forskning for å få fram ny kunnskap om førebygging og behandling av sjukdomen Alzheimer og demens.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Innsamlinga var godt organisert. Bøsseberarane hadde raude vestar og identifikasjone med.